

# Stord Venstre Valprogram 2015-2019

## Innhald

- s.2 **Ordførarkandidat Geir Angeltveit**
- s.3 **Stord Venstres kandidatar**
- s.4 **God oppvekst**
- s.7 **Miljø – me må ta ansvar for det rundt oss.**
- s.9 **Nærmiljø**
- s.12 **Arbeids- og næringsutvikling**
- s.15 **Byen for fantastisk fritid**
- s.18 **Velferd, omsorg og folkehelse**
- s.21 **Byutvikling og forvaltning**

**VENSTRE**  
Folk først.





## Me skal prioritera framtida, då treng me deg.

Venstres utgangspunkt er kvart enkelt menneske sin ukrenkelege fridom og eigenart. Alle mennesker er ulike, men av lik verdi. Me trur at mennesker ønskjer å ta ansvar for seg sjølv, kvarandre, miljøet og framtidige generasjonar.

Me ønskjer å fremma livskvalitet og menneskeleg vekst. Våre verdiar forpliktar oss i å skapa eit **lokalsamfunn** me kan vera stolt over å gje vidare til framtidige generasjonar.

Stord må ta viktige grep for å førebu oss på framtida.

Me må ta vare på **nærmiljøet vårt**, og ta ansvar for vår forureining.

Me må skapa nye arbeidsplassar, for å gjer **vårt lokalsamfunn** mindre sårbart i møte med den grøne omstillinga.

Me må gje borna våre trygge og **gode oppvekstvilkår**, så dei kan ta vare på seg sjølv og andre.

Og me må vera førebudd på at det vil vera langt fleire eldre enn personar i arbeidsfør alder om berre få år.

Dette er utfordringar Venstre vil ta fatt på. Slik kan me halda på vår tryggleik og velferd, og overlata **eit lokalsamfunn i betre stand** enn me overtok det.

Som ordførarkandidat og politkar for Venstre vil eg prioritera desse utfordringane. Eg vil skapa eit samfunn der me tilrettelegg for at du kan skapa ditt gode liv, der **Stord er eit lerret for din livsglede**. Der alle skal ha høve til meningsfulle aktivitetar, og vera med å ta ansvar for vår felles framtid.

I dette programmet visar me kva ambisjonar me har for Stord. Korleis me vil skapa eit meir variert næringsliv, ta ansvar for **nærmiljø** og klima, ha gode skular, trygga velferden, og bygga eit kulturelt **lokalsamfunn** med mål om livsglede, trivsel og utvikling.

Velkommen med på oppdraget.

**Med liberal helsing,**  
Geir Angeltveit  
Ordførarkandidat

**VENSTRE**  
Folk først.



# Stord Venstres kandidatar.



**1. Geir Angeltveit**  
(f. 1988) - Aslaksbrekko



**2. Maria Wilhelmsen Irgens**  
(f.1991) - Bjelland



**3. Åge Aadland**  
(f. 1957) - Hystad



**4. Peggy Husevik Bærøy**  
(f. 1946) - Vikanes



**5. Odd Stuve Rommetveit**  
(f. 1952) - Høyland

**6. Guro Betten**

(f. 1975), Sagvåg

**7. Ove Steinsland**

(f. 1967), Sagvåg

**8. Harald Nes**

(f. 1935), Haga

**9. Malene Rosland Eldøy**

(f. 1979), Bjelland

**10. Merete Johanne Fjellheim**

(f. 1959), Trodlaugan

**11. Trond Hjartåker**

(f. 1970), Horneland

**12. Knut Eide Løkhammer**

(f. 1976), Kviteluren

**13. Tor-Johnny Agledal**

(f. 1961), Luren

**14. Ståle Betten**

(f. 1969), Sagvåg

**15. Sven-Erik Aarnes**

(f. 1942), Sagvåg

**16. Jan Olav Aadland**

(f. 1967), Nedre Litlabø

**17. Harald Kvinge**

(f. 1947), Hystad

**18. Svein Svendsen**

(f. 1954), Leirvik

**19. Reidar Aksnes**

(f. 1953), Furuly

**20. Runar Bjørkvik Mæland**

(f. 1988), Litlabø

**21. Egil Olav Kjønnebø Espeland**

(f. 1958), Valvatna

**22. Kristine Tofte**

(f. 1970), Leirvik

**23. Yngve Emil Melby Nykås**

(f. 1991), Hystad

**24. Åge Johansen**

(f. 1957), Almås

**25. Else-Berit Helle**

(f. 1947), Jensanes



## God oppvekst.

Barnehagens og skulens viktigaste oppgåve er å utdanna gode borgarar som tar vare på seg sjølv, kvarandre og verda rundt oss.

## Barnehage – ein god start.

Vårt oppdrag er å sikra kvaliteten til dei yngste borgarane våre. Barnehagen er ein arena der ein lærer gjennom lek og sosialt samspel.

Venstre legg vekt på at borna får ei opplæring der dei utviklar seg gjennom å vera med andre born

og bli godt rettleia av vaksne. Leik er det sentrale i born si utvikling, og må vera det primære også i aktivitetar der opplæring er målet.

Det er positivt at borna får veksa opp i sitt nærmiljø, difor ønskjer Venstre å satsa på nærbarnehageprinsippet. Me skal tilretteleggja for friluftsliv og naturleik, og at born er ulike og at barnehagar skal ha mangfald.

Bemanningsnorm er viktig for å ha nok folk på jobb, for å sjå borna. Og for å reint praktisk å oppfylle pedagogiske mål.

## Dyktige fagfolk.

Dyktige fagfolk treng å nytta tida si til å formidla kunnskap. Difor skal ein lærar få vera lærar, ikkje helsesøster og vaktmeister. Lærarane i Stord har mykje etter- og vidareutdanning, og me ønskjer at Stord framleis skal vera ein attraktiv kommune å vera lærar i.

Det er ei særskild utfordring å rekruttera menn til barnehageyrket, Venstre meiner det er viktig for borna at dei får møta vaksne av begge kjønn i barnehagen.

## Difor vil Venstre:

- oppretthalda høg pedagog-tettleik, og arbeida for ein auke til 50% i alle barnehagar.
- sjå plassering av nye barnehagar i tilknyting til gode og tilgjengelege friluftsområder.
- følgja prinsipp om nærbarnehagen.
- ha eit mangfald av barnehagar, som friluft-, musikk- eller idrettsbarnehagar.

## Difor vil Venstre:

- styrkja rekrutteringa av menn til barnehageutdanning gjennom målretta kampanjar og tilrettelegging.
- ivareta gode seniortiltak
- få fleire yrkesgrupper inn i skulen for å gje lærarane tid til sine kjerneoppgåver.
- prioritera etter- og vidareutdanning i fag der det er låg andel med formell kompetanse i kommunen.
- vidareutdanna ufaglærte, slik at dei får fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar.

## Ein god skule for dine born.

Venstre ønskjer ein skule for kunnskap og like moglegheit-er. Ein liberal skulepolitikk legg til grunn at ingen elevar er like, samstundes som me har ambi-sjonar for kvar einaste elev. Me vil gje skulane stor fridom til å leggja til rette undervising slik at alle el-ear får den same mogelegheita til å utnytta sine evner uavhengig av busetnad og sosial og kulturell bakgrunn.

For Venstre er det viktig at elev-ane gjennom skulen skal få eit mangfald av kunnskap og ferdigheiter, og ha mogelegheit til

å oppleva meistring. Difor må alle fag tilleggjast vekt.

Born er individ med ulike behov. Det er viktig at skulen kan tilby ein variasjon der borna kan finna seg sjølv og finna ut kven dei ønskjer å bli. Venstre ønskjer at alle elevar skal kjenna glede over eiga meistring gjennom heile skuleløpet.

Samarbeidet med FAU og SU ved skulane og barnehagane gir god innsikt, og skapar grobotn for konstruktiv dialog mellom administrasjon, tilsette, foreldre og politikarar.

## Difor vil Venstre:

- følgja skulebruksplanen
- at skulane skal ha oppdaterte og gode læremiddel.
- bistå skulane i kontakt med andre delar av kommunen/ stordsamfunnet, for at mest mogeleg av ressursar vert gjort tilgjengeleg til læring.
- sørgja for at samarbeidsorgan med foreldre, skuleleiing og politikarar fungerer.
- ha ein årleg skuledebatt i kommunestyret.

## Sjå eleven.

Born som slit kan vera vanskel-ege å oppdaga og følgja opp i store grupper. Spesialpeda-gogiske ressursar kan koma seint inn i skuleløpet og fanga opp utfordringar seint.

## Difor vil Venstre:

- auka helsesøster, psykolog, miljøterapeut- og verne-pleiarstillingar slik at det er sosialfagleg personale tilstades ved behov.
- arbeida for ei betre organisering, som gir lærarane ansvar for færre elevar (trinnmodell, lågare klassedelingstal)

**Trygge skuleveggar, slik at flest mogeleg kan gå eller sykla.**

## Fysisk aktivitet.

Det er positivt for kroppsleg og mental helse, og ikkje minst for læring å vera kroppsleg aktiv. Venstre vil leggja til rette for at borna kan vera meir fysisk aktive i løpet av skuledagen.

## Venstre vil:

- leggja til rette for at det er trygge skuleveggar, slik at flest mogeleg kan gå eller sykla.
- fremma fysisk aktivitet blant born og unge, gjennom å oppmoda til undervising utandørs.
- skapa miljø for fysisk aktivitet på skuleområdet



## **Tilpassa opplæring.**

Det er ei utfordring å sørgja for at kvar einskild elev får ei tilpassa opplæring. Venstre vil at opplæringa skal vera tilpassa den einskilde elev. Og sterke elevar skal få høve til fagleg utvikling.

Venstre ønskjer å skapa overgangar som gir elevane betre oppfølging, og gjer skulane betre førebudde til å ta imot elevane.

Overgangane mellom barnehage, skule, ungdomsskule og vidaregåande er store omveltningar for eit born, og bør nyttast for å gje born ei positiv oppleving.

### **Difor vil Venstre:**

- arbeida for at lærarar får høve til å følgja opp kvar einskild elev.
- gi høve til at fleire elevar kan ta fag frå VGS medan dei går på ungdomsskulen
- at skulane i samarbeide med foreldreutvala har meir fokus på overgangane mellom skuleslaga.

## **SFO og ferietilbod.**

Stadig fleire born er i skulen heile dagen, gjennom at dei har plass i skulefritidsordning (aktivitetsskule).

Venstre ønskjer at borna skal ha ein heilskapeleg skuledag tilpassa deira behov. Og foreldra som arbeider i fellesferien må ha eit attraktivt tilbod til borna også om sumaren.

### **Venstre vil:**

- legga til rette for fysisk aktivitet, gjerne utandørs, i SFO.
- legga til rette for samarbeid med kulturskule, idrettslag, korps og frivillige organisasjonar i SFO.
- Ha eit ferietilbod med sosial profil, der borna kan få gode opplevingar.

**VENSTRE**  
Folk først.



## Miljø – me må ta ansvar for det rundt oss.

Det samfunnet me byggjer i dag, låner me frå våre barnebarn. Skal me byggja ein moderne kommune for framtida, må me ta ansvar for dei handlingane me gjer i dag, og setja ein ny kurs.

Norske kommunar må vera med på ei grøn omstilling, og Venstre vil ha ned CO2-utsleppa i Stord Kommune. Dette vil me gjennomføra ved ansvarlege grep i ei rekke ulike sektorar.

Skal me byggja det grøne samfunnet, må me gjera det gjennom gulrot, krav, og tilrettelegging.

## Sykkel som realistisk alternativ til bil.

### Sykkel og gange.

Sykkel og gange kan vera den vanlegaste transportmåten mellom heim, skule og jobb.

Det er fleire tiltak me vil å ta i bruk for å leggja til rette for det.

For at sykkelandelen skal bli høgare, er det viktig med eit godt hovudsykkelvegnett. Målet er ein effektivt og samanhengjande gangveg, og ein sykkelveg kor ein både kan opprethalda høg fart og gå trygt til skule og arbeid, frå bydel til bydel.

### Venstre skal:

- utvikla Sykkelbyen Stord med mål om sykkel som realistisk alternativ til bil.
- vera ein ambisiøs søker til statlege tilskotsordningar for investering i gang- og sykkelveg.
- sikra meir einskapeleg og tydeleg skilting av dei ulike sykkelrutene.
- etablere og distribuere gang- og sykkelkart.
- sjå på potensialet for ei reklamefinansiert bysykkelordning.
- to eller fleire kommunale bilar vert erstatta av elsyklar til bruk for heimebaserte tenester.

### Energibruk.

Det er mange moglegheiter for å integrere produksjon av fornybar energi ved nybygg og ved rehabilitering av gamle bygg. I tillegg kan me gjera det attraktivt for innbyggjarar og verksemdar å starta opp produksjon av fornybar energi.

Meir og rein energi er ikkje det einaste tiltaket. Me må også ta sikte på å gjera smarte kutt i energiforbruket. Store delar av energiforbruket i Noreg går til oppvarming av bygg. Det ligg store moglegheiter gjennom å



redusera dette energiforbruket, ved å gå over til meir miljø- og klimavenlege oppvarmingskjelder.

Produksjon og transport av byggematerialer er ei årsak til klimautslepp frå byggindustrien. Ved nybygg og rehabilitering bør det difor stillast krav til miljø og klimavenlege materialval som f.eks. massivtre, celluloseisolasjon mm.

#### **Venstre vil:**

- ha kommunen over på energisparande LED-belysning
- fastsetja mål om at ein stor andel av alle kommunale byggeprosjekt, både nybygg og rehabilitering, skal oppnå “nesten nullenerginivå” eller plusshus-standard allereie no.
- nytta fornybare løysingar der det er høveleg
- fremma bygging i klimavenlege materiale, som t.d. tre.

## **Klimatilpassing og beredskap.**

Klimaendringar vil verta ei større utfordring for kommunen i åra framover. Allereie har me opplevd korleis stormar og intensivert nedbør kan påverka tenestetilbodet og infrastrukturen i kommunen.

Klimaendringar vil påverka fleire sektorar og tenesteområder kommunen har ansvar for. Difor treng me lokal klimatilpassing og beredskap.

#### **Difor vil Venstre:**

- samarbeida med lokalt næringsliv og borgarane for å sikra førebygging og beredskap, som ivaretar kritiske samfunnsfunksjonar.
- vurderer grønne tak som effektivt tiltak mot overvatn.
- dimensjonera infrastruktur slik at dei tålar forventa klimaendringar.





## **Biltrafikk.**

Nullutsleppsbilar er med på å redusera utsleppa frå transportsektoren. Kommunen er ein stor køyretøyseigar og bør så langt som mogeleg kjøpa nullutsleppskøyretøy.

Ladbare hybridar kan gje ein stor utsleppsreduksjon og luftkvalitetsforbetring, men er avhengig av ein god infrastruktur for lading.

### **Venstre vil:**

- bygga ut moderne standard fleksiladestasjonar ved knutepunkta.
- at alle nye kommunale køyretøy skal vera låg- eller nullutsleppskøyretøy.
- ha færre bilar på vegane, så næringstransport, kollektiv, utrykningskøyretøy osb. kjem raskare fram.

## **Kollektivtrafikk.**

Som den største vegeigaren er det vårt ansvar å tilrettelegga for kollektivtrafikken. Knutepunktutvikling og tilrettelegging av haldeplassar er blant desse tiltaka.

### **Venstre vil:**

- jobba opp mot fylke og stat for betre og billigare kollektivtrafikk og forenkling av takstsoneinndelinga.
- rusta opp haldeplassar og gjera dei meir tilgjengelege for passasjerar
- planleggja byutvikling slik at ein fortettar busetnaden langs kollektivknutepunkt og trasear
- arbeida for at sentrale bussliner går heile døgnet (i helgane), til same pris.
- ha betre korrespondanse mellom kollektivtrafikken i bydelane og kommunane

## **Innkjøp.**

Det er per i dag ingen tiltak eller ordningar som gir oss kompetanse eller midlar til å lykkast med miljøvenlege innkjøp. Det er tilfeldig i kor stor grad miljøomsyn vert tatt med i innkjøpssprosessar. Venstre vil at vår kommune skal lena seg på merkeordningar, standardar og miljøprogram som finnest. Kommunen kan ikkje krevja at eit produkt i eit tilbod er miljømerka, men me kan setta krav i utlysinga som tilsvarar merkeordningar.

### **Venstre vil:**

- at kommunen framleis skal vera følgja prinsippa om miljøfyrtårn og fairtrade by.
- at miljø- og klimakrav skal vektast høgt ved innkjøp
- settja mål om innkjøp av økologiske og bærekraftige matvarer.
- settja mål om mindre kjøt og meir fisk ved institusjonar.
- invitera til idèdugnad for å identifisera kommunen sitt potensiale for innsparing i forbruk.
- leggja vekt på at verksemder ein handlar med tek imot læringar



# VENSTRE



## Nærmiljø.

Venstre har ei målsetnad om å redusera avfallsmengden i kommunen. Nesten alt avfall kan koma til nytte igjen som råvarer i nye produkt eller i energiproduksjon. Dette vil bidra til ein krets- laupsøkonomi og samstundes redusera utslepp av klimagassar og miljøgifter frå avfall.

Søppelet skal vekk frå gatene og naturen. Kommunen skal fortsetja å vera eit førebilete når det gjeld effektiv kjeldesortering og gjenvinning.

### Venstre vil:

- mål om at alt utrangert materiale lagt til auksjon på nett, averterast internt som sal eller gis vekk.
- bli medlem av Grønt Punkt og nytta medlemsskap som krav i offentlege anskaffingar, slik at leverandørar vil måtta framvisa Grønt Punkt-medlemsskap.
- ha kjeldesortering i alle kommunale verksemder.
- arbeida for at ressursane i alt avfall og kloakk vert nytta.
- at Stord kommune tar initiativ til samarbeida med frivillige for rydding av naturområder

### Miljøgifter og forureining.

Helse- og miljøfarlege stoff nytast i alle sektorar og kunnskapen om mange av desse stoffa er avgrensa. Miljøgifter i havet tas opp i næringskjeda og er eit stort problem for både mennesker og dyr.

Lokalt utgjer spesielt gamle oljetankar og forureina grunn ein helserisiko. Undersøkingar i småbåthamner/marina har vist at det er svært høge konsentrasjonar av miljøgifter i grunn og sediment som stammar frå ulike båtaktivitetar og at det er for

## Samarbeida med frivillige for å rydda i naturområder.

dårleg kontroll med avfallshandtering med fare for spreiding til naturmiljøet.

### Venstre vil:

- laga eit aktsemdskart for forureina grunn på land som skal vera tilgjengeleg for utbyggjarar og planleggjarar.
- stilla krav til entreprenørar og leverandørar både ved utgraving/bygging og ved tilførsel av massar.
- kartleggja omfang av miljøgifter i sjøbotnen i hamneområder med tanke på eventuelle oppryddingstiltak.
- erstatta bruken av vegsalt med miljøvenlege løysingar som varm sand e.l.
- at kommunen sjølv ikkje skal bruka glyfosat (Roundup) ved stell av sine grøntanlegg.

## **Dyrevelferd- og forvaltning.**

Varmen me vise for kvarandre må også strekkjast til å gjelda dyra i kommunen. Kommunen kan leggja til rette for gode vilkår for husdyr, kjæledyr og ville dyr både i og utanfor fangenskap.

### **Venstre vil:**

- stimulera til meir jakt på hjort for å ivareta ein frisk og bærekraftig bestand
- oppmoda om Id-merking av hundar og kattar.
- oppmoda til sterilisering av kattar som ferdast fritt.
- forby sirkus som nyttar eksotiske dyr å settja opp førestillingar på kommunal grunn.
- motarbeida evt. oppretting av pelsdyrfarmar.

## **Naturvern- og mangfald.**

Venstre vil stansa utryddinga av artar og ta omsyn til miljøet i all planlegging og utbygging.

For å sikra det biologiske mangfaldet, er det naudsynt å redusera inngrepa i naturen gjennom god forvaltning og auka vern, og ved å stoppa utbreiing av framande artar på land, sjø og vatn. Me har mange interesser knytta til kystsona.

Aukande konkurranse og interessekonfliktar gjer kystsona utfordrande å forvalta. Kommunen har mynde over arealbruken i sjøområda, og for å skapa god utvikling treng kommunen eit godt styringsverktøy.

### **Venstre vil:**

- ta omsyn til bier og humler lokalt, mellom anna ved å planta “rett” type planter, vera restriktive med sprøytemiddel og fjerna pryddplanter/trær som er skadelege
- arbeida for fjerning, og mot spreiiing av svartlista artar som finnest lokalt. (Tromsøpalme, vasspest mm)
- jobba for å ivareta raudlista artar som finnest lokalt. (salamander, dvergålegras mm)
- sikra kunnskapen om og forståinga av kystsonen gjennom å oppfordra til lokalt samspel mellom marin næring, skule og museum.
- arbeida saman med lokal havbruksnæring for å sikra miljøvenleg og framtidsetta drift.





## Arbeid og Næringsutvikling.

Nye arbeidsplassar må skapast. Me må ta grep om vår framtid.

Ein viktig byggestein for gode levekår i kommunen er eit variert næringsliv, Venstre vil leggja til rette for nye arbeidsplassar i kommunen. Me skal nytta dei middla som trengst for å gå frå idé til arbeid. Og me skal utdanna våre ungdommar til å utvikla sine idéar. Nasjonalt, regional og lokalt går me inn i ei tid med djuptverkande endringar i sentrale berebjelkar i vårt samfunn. Vår kommune er **for sårbar** for

svingningar i petroleumsnæringa, noko me merkar godt i nedgongstider. Og Stord skårar svært høgt på Telemarksforskningens sårbarhetsindikator, dvs at nye arbeidsplassar og næringssetting må rettast inn mot sektorar som er med på å skapa betre næringsbalanse i kommunen.

Den etablerte oljenæringa på Stord, er van med endring og omstilling. Fagområder og krav som er sett til produksjon i dag, er svært annleis enn for berre nokre år sidan. Det er all grunn til å tru at desse verksemdene også i framtida vil ha fokus på **naudsynte omstillingar.**

## Innovasjon er målet, entreprenørskap er vegen.

Det ligg i ryggrada til vestlendingar å vera sjølvberga. Det inneber at Stord må bli ein «Ja»-kommune for dei som er villig å satsa kvardagen sin på å skapa nye arbeidsplassar. Difor vil Venstre ha eit omstillingsfond for næringsutvikling, administrert av Atheno.

Det gründerar ofte manglar er startkapital eller risikovillig kapital. Fondet skal ha som mål å skapa verksemder som bidrar med nye og forskjellige arbeidsplassar.

Og så må me arbeida med førstelinetenesta vår, slik at dei som kjem med idear, vert møtt av kunnskapsrike mennesker for rådgjeving og rettleiing i forhold til myndigheiter, og hjelpa med praktiske forhold.

## Innovasjon oppstår som eit resultat av entreprenørskap og difor er entreprenørskap ein føresetnad for innovasjon.

Dei gode idéane skal få dei beste føresetnadane for å verta realisert.

**Dei gode idéane skal få dei beste føresetnadane for å verta realisert.**

### Venstre vil:

- oppretta eit omstillingsfond for næringsutvikling administrert av Atheno for Stord.
- auka tilskotet til førstelinjetenesta.
- målretta arbeid om å få ned sakshandsamingstida ved søk om næringsutvikling.
- oppretta prosjektstilling for å søke tilskot frå ulike tilskotsordningar.
- la ein ny byutviklingskomité handsama større deler av budsjettet for næringsutvikling for å sikra eit levande lokaldemokrati.

## Ungdom som lærar å driva si eiga verksemd, skapar sine eigne arbeidsplassar.

### Ungt entreprenørskap.

Framtidas arbeidsplassar er enno ikkje skapt. Framtidas leiarar er enno ikkje skulert. Gjennom ei satsing på UE byggjer me kompetanse og vågemot for framtida.

#### Venstre vil:

- Vidareutvikla Ungt Entreprenørskap i Stord kommune.
- Bruka næringslivet og lokal kompetanse til inspirasjon for deltakarane.

### Kommunal samhandling om næringsutvikling

Sunnhordlandsregionen under eitt må stå samla for å bli lagt merke til nasjonalt og internasjonalt. Me bør sjå på korleis det samla behovet for næringsutvikling kan ordnast gjennom tettare samarbeide i regionen.

### Landbruk.

Stord har framleis ein del kulturellandskap som er tufta på nøysomt jordbruk og husdyrhald gjennom årtier. Stord Venstre er restriktive til at dyrka jord og område som er regulert til landbruk (LNF) skal gjerast om til nærings- eller bustadareal.

#### Venstre vil:

- ivareta fjellandskapet og utnytte grovfôrressursar ved å opna for meir sau i fjellandskapet.
- at kommunen legg til rette for at lokalprodusentar av mat og drikke kan få omsett dette i ordna former, enten i eigne lokaler eller på Torget.
- jobba for ein aktiv kommunal forvaltning og auka kompetanse rundt tilskotsordninga "spesielle miljøtiltak i landbruket" (SMIL).
- tilretteleggja for økologisk jordbruk lokalt.
- settja som mål at 30% av all mat som vert kjøpt inn av kommunale verksemdar er økologisk og berekraftig
- ha vegetasjon mellom dyrka mark og vassdrag for å redusera nitratavrenning.
- stimulera folk til matdyrking til eige bruk der det er mogeleg, gjennom informasjonskampanjar og lokale prosjekt.

### Havbruk.

Oppdrettsnæringa er det viktigaste innslaget i den marine næringa i regionen. Det er viktig at kommunen legg til rette for at veksten i næringa skjer innanfor ansvarlege rammer.

Opne anlegg i sjø er ikkje ei framtidsretta driftsform. Kommunen må difor leggja til rette for aktørar som vil satsa på landbaserte eller lukka sjøanlegg, og bidra til at dei får gunstige vilkår.

#### Venstre vil:

- leggja til rette for aktørar som vil satsa på landbaserte eller lukka oppdrettsanlegg
- støtta innovasjon i marine næringar med lokalt vekstpotensiale.
- ta miljøomsyn ved bruk av ferskvatn til havbruk.

### Leirvik og Eldøyane hamn.

Leirvik hamn er ein svært sentral del av kommunen, og mange engasjerer seg i visjonar om korleis hamneområdet best kan utviklast. Den hamna som er viktigast for drift og virke til Stord Hamnestel ligg på Eldøyane.

#### Venstre vil:

- at Hamnestellet ved neste krossveg skal flytta til Eldøyane.
- ha ein serviceinnstilt organisasjon som er med på skipsretta og maritime aktivitetar i kommunen.





### **Trygge vegar.**

Trygge vegar og effektiv ferdsel er vårt grunnprinsipp for vegbygging på Stord. Det er ingen tema som har vore så grundig debattert som veg, vegsamband og regionale transportplanar. Det vert førespegla store inngrep i kommunen gjennom nasjonale transportplanar, Venstre vil ha trygge og godt tilrettelagte vegar, men desse må ta omsyn med nærmiljø og nytteverdi.

Statens mål om 110km/t, og 4-felts E39 over Stord vil medføre store negative konsekvensar for inn- eller utmark. Vegvesenet opnar for å avstå frå dette ønsk-

jet visse stader, Stord Venstre vil arbeida for at utbetringa og bygginga av ferjefri E39 vert tufta på gode miljøomsyn og ikkje rammar friluftsområde eller lokale hovudvegar.

### **Venstre vil:**

- ha tre knutepunkt på stamtraséen over Stord
- arbeida for ei sørleg kryssing av Langenuen.
- at trasé for E39 Heiane - Nordre Tveita ikkje skal skjæra av store delar av Landåsen.
- at eventuelt nytt ferjesamband til Kvinnherad ikkje skal koma i konflikt med viktige LNF-områder

### **Reiseliv og turisme.**

Stord og Leirvik er eit naturleg utgangspunkt for opplevingar både på Stordøya og i regionen. Stord skal vera ein kommune med tilbod som trekk til seg reisande og gleder innbyggjarane. Jmf. neste kapittel, [«Byen for fantastisk fritid»](#)

Det er mange som kan ha nytte av eit stort kart eller oversikt over tilboda, reiseliner m.m. i kommunen, både innbyggjarar, tilreisande eller turistar. Venstre vil arbeida for å samla informasjon om kommunens turstiar, anlegg m.m. i ei tilgjengeleg digital løysing.

### **Venstre vil:**

- ha ein digital kalender for informasjon om fritids- og aktivitetstilboda i kommunen.
- utvikla våre turistattraksjonar.
- ha attraktive båthamner.
- leggja til rette for universelt utforma attraksjonar
- ha fleire opplyste gangstiar der dette ikkje er i strid med dyrefaglege råd.

## Byen for fantastisk fritid.

Kultur og fritid er ei kjelde til opplevingar og eit godt liv. For Venstre har kultur og fritidsaktivitetar ein verdi i seg sjølv. Det er eit sjølvstendig mål å driva med aktivitetar som gir folk livsglede, underhaldning, interesse og meining.

Stord skal vera ein kommune der eit mangfald av aktivitetar vert sett på som eit gode.

For Venstre er det viktig å leggja til rette for gode offentlege tilbod, som bibliotek, kulturskule, utsmykking osv. Og å ha anlegg og engasjement for frivillige og private som ønskjer rom til sine aktivitetar. Gode kultur- og fritidstilbod er viktig, men kan ofte vera kostbart. Venstre ønskjer eit mangfald av tilbod, der vaksne og born uavhengig av personleg økonomi skal kunna ha tilgong på stimulerande kultur- og fritidstilbod. Slik vil me fremja livskvalitet, ved å ha ein by der alle skal ha tilgong på kunnskap, fysisk fostring, spel, sport og leik.



### Kommunen for friluftsliv.

Friluftsliv er helsefremmande og gir gode oppevingar for den einskilde. Ein friluftspolitik for framtida må ta vare på vår varierte natur, den må stimulera til eit allsidig og inkluderande aktivitetstilbod, og målretta opplæring for born og unge. Den må minst bevare dei opplevingsverdiane folk søker på tur i norsk natur. Alle skal ha rett til naturopplevingar, til å ferdast fritt og til å hausta av naturens overskot.

Venstre ønskjer at innbyggjarane

i minst mogleg grad må betala for naturopplevingar. Mange stader i landet er det eit aukande press på strandsona. Her vil me ha strenge restriksjonar på utbygging.

#### Venstre vil:

- styrka friluftslivets stilling i kommunen
- vera ein pådrivar for styrking av folkehelsearbeid med vinkling mot friluftsliv.
- sikra kommunen sine attraktive friluftsområde og gjera dei meir tilgjengelege. Dette skal gjerast i samarbeid med frivillige

- planlegga nye byggeområde slik at eksisterande turområde vert skåna, og at det opparbeidd nye turområde i nyetablerte bustadfelt.
- ha som mål at alle skal ha eit turområde i nærleiken av der dei bur.
- koordinera rydding og sikring av turløyper i samarbeid med frivillige og grunneigar
- bidra til å finansiera kart, slik at det er eit komplett kartverk for spesielt friluftsliv og opplevingar i kommunen. Også til nytte for turistføremål, og digitalt tilgjengeleg.

## Sport og idrett.

Breidde skapar topp, idrett skapar trivsel som skapar sosialt nettverk som gir folkehelse. Variasjon i lokale idrettsarrangement og -organisasjonar er viktig for å sikra eit mangfald i opplevingar og lokal forankring.

Stord Venstre vil arbeida for breiddeidretten som sikrar barn og unges mogelegheit til å vera med saman og danna gode sosiale nettverk. I breidda vil talenta veksa fram i gode og utviklande organisasjonar.



## Venstre vil:

- etablera fleirbrukshall i Sagvåg.
- samarbeida med idrettsorganisasjonar om vedlikehald og service av anlegg
- fortsette støtten til kommunens store idrettsarrangement.
- samarbeida med idrettslag og andre organisasjonar om arrangement og tiltak

## Kultur.

Kunst og kultur som løftar, forundrar og kanskje gjer oss forarga, høyrer med i eit moderne samfunn. Venstre vil arbeida for at me som enkeltmenneske skal få gode opplevingar og kjenna fellesskapen gjennom dei mange ulike kulturtilboda.

Venstre vil arbeida for at mangfald av lag og organisasjonar skal få rammevilkår som gjer dei i stand til å driva med aktivitetar dei har lyst til. Kommunen bør støtte opp om dei lag, foreining-

ar og initiativ der ein brenn for å bidra i lokalsamfunnet.

Kommunen skal ha eit aktivt uteliv med gode føresetnadar. Dette vil skapa liv i sentrum med aktivitetar, servering av mat- og drikke, konsertar og sosiale møtestadar.

## Venstre vil:

- stå i bresjen for kontinuerleg utsmykking av byen vår
- leggja til rette for lågare leige på bruk av kommunale bygg for organisasjonar
- oppretthalda ei god og allsidig

biblioteksteneste

- leggja til rette for kulturskuletilbod i bydelane
- at kulturskulen skal vera tilgjengeleg for alle
- ha gode rammeavtalar for ulike kulturtilbud som skaper mangfold i Stordsamfunnet
- vidareutvikla Stord som nynorsk hovudstad.



## Festivalar og større arrangement.

Gjennom større arrangement, har me bygd opp eit verdfullt renommé og god erfaring som kulturby. Stord Kommune skal saman med ulike prosjektorganisasjonar vera aktive i arbeidet med å få, og gjennomføra, arrangement og festivalar som gir merksemd og får folk til øya.

### Venstre vil:

- ivareta opne samlingsplassar i sentrum der det er mogeleg å halda konsertar og arrangement utandørs
- vera med å utvikla Vidsteensparken som utandørsscene

## Museum og kulturminnevern.

Sunnhordland Museum er heilt sentral som forvaltar og formidlar og kulturminner i regionen. I tillegg til dei 8 tuna Sunnhordland Museum driv og forvaltar, er og Stord Maritime Museum knytt til Sunnhordland Museum.

Miljøet på Jensaneset er viktig for å formidle vår kystkultur. Gruvemiljøet på Litlabø er eit svært verdiullt kultur- og industrihistorisk område for kommunen. Alle desse bør vidareutviklast som attraktive stader for turistar og fastbuande.



Det er mange kultur- og fortidsminner i kommunen vår, og desse representerar viktige verdiar lokalt. Kulturminner er ikkje-fornybare ressursar som bidrar til å skapa identitet, særpreg og stoltheit. I tillegg til å skapa historieforståing er dei også ein viktig ressurs for lokal verdiskaping, reiseliv, og stadsutvikling.

### Venstre vil:

- styrkja medvita kring kulturminner hjå innbyggjarane og politikarane
- bidra til ein politisk vedtatt kulturminneplan med ein forpliktande handlingsplan som

vert godt forankra hjå kulturminneeigarane og kulturminneverninteressar.

- at kommunen i samarbeid med for eksempel Fortidsminneforeningen og sogelag lagar lett tilgjengeleg informasjon til innbyggjarane om kommunens kulturminner.
- ivareta alle lokale museumsmiljø for framtidige generasjonar.
- leggja til rette for eit tettare samarbeid mellom kulturteknester og planleggjarar for å sikra gode plan- og reguleringsprosessar, som tar omsyn til kulturminna.



# Velferd, omsorg og folkehelse.

Alle har ei helsa, psykisk eller fysisk. Alle må få naudsynt pleie og omsorg når dei treng det, og for dei som har behov for sjukeheim skal dei vera trygge på at dei får god hjelp og verdig omsorg. Retten til å avgjera eigen kvardag gjeld uavhengig av alder, og eldre som ønskjer og kan bu heima, med nokre tilpassingar i bustaden skal ha høve til dette.

Venstre vil ha ein kommune der innbyggjarane tek ansvar for eige liv og helse, og har omsut for andre. Eit viktig prinsipp i alle hjelpetenester er hjelp til sjølvhjelp, eventuelt bistand til å tilpassa seg ein vanskeleg livssituasjon.

Stord skal vera i forkant med teknologiske løysingar for velferd, fridom, tryggleik og folkehelse.

## Eldreomsorg.

Eldre er unge som har levd ei stund, og det er stor individuell skilnad på kva eldre har behov for av tenester. Tilbod til eldre må stetta ulike behov, og til ei viss grad gje valfridom for den enkelte. Eldre skal ha attraktive tilbod og meningsfulle gjeremål, Difor vil Venstre stimulera til meir aktivitet blant eldre ved mellom anna å tilrettelegga med lokaler.

### Difor vil Venstre:

- byggja sjukeheimar der det er mogeleg å differensiera brukarane.
- ha ny sjukeheim ferdig i 2017.
- nytta stallen ved Knutsaåsen og oppgradera den til Grendahus.
- stimulera til innovasjon i tilbodet til eldre, og sjå nye moglegheiter
- framleis utbygging av heimebaserte tilbod slik at eldre kan velja å bu heima lenger.



## Rusomsorg og psykisk helsevern.

Psykiske lidningar vedkjem mange. Venstre vil styrka samarbeidet mellom dei ulike nivåa i behandlingsapparatet. Psykiske lidningar og ruslidningar aukar i vår verden. Mange vil oppleva ei slik liding i løpet av livet. Psykisk lidningar er ei av dei viktigaste årsakene til sjukemelding og uføretrygd. Det er behov for å styrka innsatsen innan barne- og ungdomspsykiatrien.

### Venstre vil:

- vidareføra iJOBB-samarbeidet med Kirkens Bymisjon.
- ha reell brukarmedverknad på individ og systemnivå
- tilsetja fleire erfaringsmedarbeidarar
- ha kompetanse i høve reduksjon av tvang
- ha tverrfagleg organisering innan arbeid med rus og psykisk helsearbeid.
- utvida tilbodet med kommune-psykolog, som eit lågterskeltilbod



## **Barnevern og sosiale tenester.**

Alle born har rett til ein trygg oppvekst og god omsorg. Når dette ikkje kan sikrast av dei føresette og deira nettverk må samfunnet trå til. Barnets beste, barnets deltaking og barnets perspektiv skal ha hovudfokus i alle barnevernssaker.

### **Venstre vil:**

- bidra til auka kompetanse og etterutdanning med rettleiing
- legga bornets beste, deltaking og perspektiv til grunn i alle barnevernssaker.
- ha ei god rådgjevingsteneste for dei som kjem i ein vanskelig livssituasjon
- ha eit stort fokus på barnefattigdom

## **Skulehelse- og helsestasjonstenesta.**

I tillegg til miljøretta helseteneste, er det særleg dei kommunale helsestasjons- og skulehelsetenestene som står sentralt i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i kommunane. Det er ein brei fagleg og politisk semje om at desse skal spela ei viktig rolle i å sikra god helse og gode oppvekstmiljø for born og unge.

### **Venstre vil:**

- sikra drift av skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom

## **Folkehelsa – Helsefremmande og førebyggjande helsearbeid.**

Folkehelse er aktuelt på mange områder, frå skule til næring-sliv og byutvikling. Venstre ser folkehelse i samanheng med andre områder. Gjennom samhandlingsreforma og auka ansvar for folkehelsearbeidet har kommunen sitt ansvar for førebyggjande helsearbeid blitt viktigare dei siste åra. For liten innsats for å avgrensa og førebyggja sjukdom er blitt

identifisert som ei av dei viktigaste utfordringane innan helse- og omsorgstenestene. Me vil bistå folk i å snu dårlege vanar, og å ta inn ungdom tidleg for å skifta uheldige mønster.

### **Venstre vil:**

- oppretthalda frisklivssentral - eit tilbod om livsstilsending
- auka stillingsprosenten som folkehelsekoordinator
- utvida tilbodet ved frisklivssentralen til å også gjelda yngre.

## **Langvarige og samansette lidingar.**

Mange opplever helsesvikt i løpet av livet. For nokre kan det vera heilt frå fødselen av. Mange må leva år av livet sitt med kronisk sjukdom. Venstre meiner at desse skal ha ein verdig kvardag og vera trygge på å få tilpassa hjelp.

### **Venstre vil:**

- jobba for eit inkluderande arbeidsliv
- at tenesta legg meir vekt på meistring enn på symptom
- tilsetta fleire terapeutar med sikte på meistring

## Byutvikling og forvaltning.

Som politikarar er det vårt ansvar å tilretteleggja for gode bysentrum, og gode tilbod i alle bydelar. Sentrum treng ein revitalisering, og ein ny offensiv strategi for byutvikling. Venstre vil fortsettja å vera pådrivar for gode samlingss plassar i kommunen. Venstre vil ha mangfald og variasjon i butikkar, serveringsstadar, og kulturtilbod.

Det må skapast fleire møteplassar med benker, skulpturar, leikeområde, uteservering og marknader. Møtestader skal vera inkluderande, kan vera små og store, og ha fokus på det å vera saman.

## God økonomisk styring.


Venstre vil basera all sin politikk på god økonomistyring, og tilpassa tenestenivået etter økonomiske føresetnader, også om dette medfører omstilling. For å ivareta tenestetilbodet for framtida, og å sikra kommunens økonomiske handlerom vil me vera tydelege på våre prioriteringar.

### Venstre vil:

- vidareføra eigedomsskatten.
- etter naudsynte investeringar og inndekkingar, gå inn for at eigedomsskatten vert nytta til å inndra vedlikehaldsetter-slepet på kommunale bygg.

### Lokaldemokrati.

Rolla som ombodspersonar er noko me i Venstre set høgt. Til litt til dei som sit ved makta er ein føresetnad for legitim styring av kommunen. Difor har Venstre alltid vore positive til meir innsyn, meir openheit og eit meir



forståeleg lokalt styre.

Verda er stadig i endring, og ein vil alltid ha behov for å utvikla lokaldemokratiet vidare slik at det er borgarar lokalt som har makta.

Alle møter i Stord Venstre er opne for innbyggjarane.

### Difor vil Venstre:

- syta for at saker er godt opplyste og lytta til innspel frå borgarane.
- ha videooverføring og -opptak frå komité og formanss-

møter, som ved kommune-styremøte

- stilla spørsmål ved all lukking av saker der det er tvil om grunnlaget for dette
- arbeida for kommunesamanslåing i Sunnhordland
- i komitéar og formannskapsmøter skal ein ha utstyr tilgjengeleg slik at det for tilskodarar er høve til å høyra tydeleg kva som vert sagt



## Byutvikling.

Stord er ein kommune i vekst. For å møta utfordringar innan næringsliv, miljø og tenesteproduksjon må kommunen arbeida målretta. Venstre vil oppretta ein eigen Komité for Byutvikling og Miljø. Dette ønskjer me å gjera ved å konsentrera relevante oppgåver i ein og same komité.

Den nye komitéen vil ha som formål å sameina desse felta på ein ny måte, og staka ut kursen for korleis kommunen vert å sjå ut i framtida.

Kommunen skal ha eit aktivt uteliv med gode føresetnadar. Dette vil skapa liv i sentrum med aktivitetar, servering av mat- og drikke, konsertar og sosiale møtestadar.

Høgskulen Stord/Haugesund spelar ei viktig rolle for utvikling av kunnskap, kompetanse og kultur i byen og regionen vår. Venstre vil jobba for å styrka studie- og forskingsmiljøet på Stord i samarbeid med HSH og eventuelle fusjonspartnarar.

Me er også interesserte i at studentar på Stord kan tenkja seg å verta buande og arbeidande her etter studietida. Me vil arbeida for å vera ein **god vertskommune**.

### Venstre vil:

- oppretta ein eigen Byutvikling og -miljøkomité.
- at kommunen ikkje skal byggast på dispensasjon.
- utvikla eit godt samarbeid med Universitetet i Stavanger frå starten av

- samarbeida med student-samskipnaden om å leggja til rette for eit godt studiemiljø.
- at kommunen skal vera synleg ved utdanningsstadene, med tilbod om sumarjobbar, prosjektoppgåver for studentar osv. Det er gode rekrutteringstiltak.
- utvide uteserveringa til klokka eitt
- vera positive til uteservering på Torget ved spesielle høve.

## Arealplanlegging.

Kommunen sit med ansvaret for heilskapelege planar innad i kommunen, herunder arealplanlegging. Dei har ansvar for byutvikling, og avgjer kor ny utbygging skal skje og kva områder som skjermast.

Venstre vil nytta arealplanlegging som eit politisk styringsverktøy for korleis kommunen skal sjå ut i framtida.

### Venstre vil:

- søka heilskapelege løysingar på tvers av kommunegrenser ved utarbeiding av nye kommuneplanar.
- i utgangspunktet vera svært restriktive til prosjekt som utfordrar jordvern, kulturminnevern og hundremeterskogar
- at strandsone til sjø og vatn skal i hovudsak bevarast for kommande generasjonar
- at trasé for E39 Heiane - Nordre Tveita ikkje skal skjæra av store delar av Landåsen
- at Landåsen skal bevarast som Stord kommune si bymark
- at eventuelt nytt ferjesamband til Kvinnherad ikkje skal koma i

## Klimagassutslepp som eige kriterium i kommunen sine utbyggingar og investeringar.

- konflikkt med viktige LNF-områder
- strandpromenaden Moloen-Mølla vert lagt til grunn i høve utbygging i området, og tilkopling mot Ådlandsvatnet
- sikra fortetting langs kollektivknutepunkt
- setta av areal til kommunale bustader i alle bustadsfelt
- leggja til rette for busetnad i alle bydelar
- ta inn klimagassutslepp som eige kriterium i kommunen sine utbyggingar og investeringar
- bruka grunneigarbidrag som grep for å betra arealplanlegging som sikrar samfunnsinteresser

## Integrering og livslang læring.

Det er mange flyktningar som manglar fast busetting. Og mange personar står på vent nasjonalt. Stord kommune tar imot nokre, men kan busetja fleire og ta ansvar for integreringa av våre nye landsmenn.

Kommunen skal også ønska velkommen og ta i mot dei mange arbeidstakarane som kjem til oss via schengen-samarbeidet.

Ei god vaksenopplæring er viktig for integreringa. Me vil ha eit tilbod som reflekterar den kommunen dei er busett i og som gjer det attraktivt å verta busett her også etterpå.

### Venstre vil:

- setja staten si oppmoding som ei minstenorm for busetjing.
- oppretthalda drifta av mot-taksbarnehagen på Heiane.
- involvera frivillige, lag og organisasjonar i integreringsarbeidet.

## Leiing i kommunen.

Kjenneteiknet på gode einingar er ofte dyktig leiing. Venstre ønskjer at alle kommunen sine etatar skal ha dyktige leiarar som har høve til å følgja opp dei tilsette og einingas behov.

Det er stor variasjon i leiartettleik i kommunen, og desse har same ansvar ovenfor tilsette, enten det er ei stor eller lita eining.

### Difor vil Venstre:

- at leiarutdanning skal ha prioritet, skal skje med jamne mellomrom og vera tverrfagleg og tverretatleg.
- at det skal setjast eit mål for kor mange tilsette kvar leiar skal ha ansvar for
- at leiaravtaler vert evaluert og at det vert sett nye mål kvart år
- arrangera dialogmøter med politikarane
- at me som skuleeigarar skal vera varsame med å påleggja eigne kartleggingar i tillegg til dei som er avgjort nasjonalt.